

13 JAN 2014

KOPI

EIDE FJORDBRUK AS AVD VARALDSØY

5636 VARALDSØY

Deres ref:

Vår ref:

Dato:

Org.nr:

2014/013470

10.01.2014

985399077

Statens tilsyn for prester, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

EIDE FJORDBRUK AS OG FYLLINGSNES FISK A/S - LOKALITET 26295 LANGØY - VEDTAK OM GODKJENNING

Mattilsynet viser til søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk A/S om endring av anleggskonfigurasjon ved lokalitet Langøy i Lindås kommune. Søknaden vart oversendt frå Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, og vart motteke her den 29.11.2013.

Gjelder

26295 - LANGØY (26295)

Virksomheten er vurdert etter følgende regelverk

- FOR 2008-06-17 nr 823: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m (forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv)
- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- Lov 19. jun. 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven)

Dette løyvet er ikkje gyldig før Hordaland Fylkeskommune har gjeve sitt løyve etter Akvakulturlova.

Vedtak om godkjenning

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk A/S vert gjeve løyve til endring av anleggskonfigurasjon for akvakulturlokalitet 26295 Langøy som omsøkt. Lokaliteten er godkjend for ein produksjon på 3120 tonn MTB for oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogaure.

Vi har observert:

- : Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk A/S har søkt om endring av lokalitet 26295 Langøy. Søknaden vart motteke hjå Mattilsynet den 29.11.2013. Søknaden omfattar ei endring av anleggskonfigurasjon, frå fem 35x35m stålbur på rekke til seks 35x35 m bur. Det er ikkje søkt om utvida MTB på lokaliteten.

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk A/S oppgjev følgjande opplysningar i sin søknad:

Bakgrunnen for søknaden er fiskehelsesituasjonen på lokaliteten og i regionen generelt. Fisken på lokalitet Langøy fekk som mange andre lokaliteter påvist AGD i oktober/november. I tillegg så erfarer ein på vestlandet at lakselusa blir meir og meir motstandsdyktig mot medikamentelle avlusingsmiddel. Den viktigaste behandlinga mot AGD, og lakselus med nedsatt følsomhet, er bruk av hydrogenperoksid, anten ved hjelp av brønnbåt eller ved bruk av presenning i merd. Eide Fjordbruk AS vil truleg ikkje ha kapasitet å utføre hydrogenperoksid i merd i vinter eller vår. Bruk av brønnbåt vil difor vera det sikraste og det beste valget til slik behandling. Ved bruk av brønnbåt er ein derimot avhengig av å få all fisken i merden opp samstundes, enten i ein eller fleire brønnbåtar (avhengig av biomassen i merden og størrelse på brønnbåt), eller å nytta eit ekstra bur på lokaliteten. Med tanke på smittefare ved bruk av fleire brønnbåtar er det ein stor fordel å ha eit ekstra godkjent bur liggjande på lokaliteten slik at ein klarer seg med ein brønnbåt, og at fisken kan settast ut i det ledige buret etter kvart. Dersom AGD og/eller lusesituasjonen skulle forverra seg dei neste månadane vil det vera vanskeleg å oppdriva nok brønnbåtkapasitet på Vestlandet. Då vil det vera ein stor fordel å klare seg med ein brønnbåt.

Langøy er ein eksponert lokalitet, og det vil stor fare forbunde med å måtte legge ut eit midlertidig bur ved sida av dei andre bura på lokaliteten. Ut frå Ak-område og lett gjennomførbar oppankring vil det vera enkelt å sette inn eit ekstra bur på lokaliteten.

Ved utsett våren 2015 skal det etter planen settast ut steril fisk (triploid fisk) på lokaliteten. Erfaring med produksjon av steril fisk i ferskvatn er at denne fisken har eit større oksygenbehov. Eit ekstra bur på lokaliteten betyr at ein kan redusere antalet fisk pr merd. Dette vil betre fiskehelse- og fiskevelferden i betydeleg grad spesielt for den sterile fisken, men også for standardfisken på lokaliteten.

Anlegget vil etter utviding ligge innafor Ak-området ihht. den kommunale arealplanen for Lindås kommune.

Se forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 Krav om godkjenning.

Mattilsynet vurderer dette slik:

God vassutskifting er viktig for å føre friskt, oksygenrikt vatn inn til fisken og for å fjerne metabolske avfallsstoff og smittestoff frå fisken. Miljømessig optimale forhold for fisken er ei av hovedpilarane i forsvarsverket mot oppblomstring og spreiring av smittsame sjukdomar. Oksygen er truleg den viktigaste faktoren for å ha eit godt merdmiljø. Jamn straum med lite stillstand er eit ufråvikeleg krav for å sikre fisken eit godt merdmiljø med nok oksygen. For sterk straum kan føre til dårleg fiskevelferd som til dømes kan medføre slitasjeskadar og auka stress. Dette gjeld særleg liten fisk. I tillegg kan sterk straum føre til praktiske utfordringar som til dømes ved avlusing og bruk av heilpresenning. Straummålingane som er gjennomført på lokaliteten er tilfredsstillande. Anlegget ligg på tvers av hovudstraumen, noko som er gunstig med tanke på vassgjennomstrøyming og oksygentilgang for fisken i kvar enkelt merd.

Når det gjeld bruken av fleire produksjonseiningar (utan ei auke i biomasse), vil dette føre til ei fordeling av biomassen utover eit større område. Det vert dermed eit lågare antal fisk og lågare tettleik i kvar enkelt merd. Dette kan vera med på å betre vassgjennomstrøyminga i kvar

merd. Som verksemdene oppgjev i sin søknad er det planlagt utsett av triploid fisk, som erfaringsmessig har eit større oksygenbehov. Mattilsynet støttar difor oppunder verksemdas vurdering om at ei ekstra merd på lokaliteten sannsynlegvis vil kunne betre fiskevelferda i form av betre oksygentilgang, spesielt for den sterile fisken på lokaliteten. Det er gunstig med lågare tettleik i kvar produksjonseining også blant anna når det gjeld fiskehelse og det å begrense spreiding av sjukdom eller parasittar. Dess større vertstettleik ein har, dess større vil smittepresset vera. Med ein lågare tettleik av fisk, vil det vera vanskelegare for eventuelle sjukdomsagens å infisere nye vertar då det vert større avstand mellom desse.

I søknaden vert det opplyst at mykje av grunnen til at ein ynskjer ei ekstra merd på lokaliteten er å legge betre til rette for behandling mot t.d. AGD eller lakselus i brønnbåt. Dette vurderar Mattilsynet som positivt.

Søknaden er også vurdert etter lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald i høve til mogleg effekt på det biologiske mangfaldet, forureining av det ytre miljø og økologisk effekt. Dei miljømessige høva er vurdert ut frå tilgjengeleg kunnskap og registreringar i området. Framtidige miljøundersøkingar vil sei noko om kor stor bereevne lokaliteten har. Det er ikkje kjend at området inneheld nasjonale eller regionale viktige miljøverdiar som kjem i konflikt med endringa av lokalitet Langøy. Mattilsynet finn ikkje grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologisk effekt eller naturmiljøet elles. Vi finn heller ikkje grunnlag for å avslå søknaden ut frå føre-vår prinsippet, sjå naturmangfaldlova § 9.

Totalt sett vurderar Mattilsynet den omsøkte endringa av lokalitet Langøy som positiv med tanke på fiskehelse og fiskevelferd, og godkjenner endringa som omsøkt. Dette løyvet er ikkje gyldig før Hordaland Fylkeskommune har gjeve sitt løyve etter Akvakulturlova.

Vedtaket er fattet med hjemmel i forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 Krav om godkjenning

Med hilsen


Aslaug Sandvin
distriktssjef




Kristina Birkeland
førsteinspektør, fiskehelsebiolog